

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 35/2007**

**av 27. april 2007**

**om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XX til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 125/2006 av 22. september 2006<sup>(1)</sup>.
- 2) Europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/12/EF av 5. april 2006 om avfall<sup>(2)</sup> skal takast inn i avtala –
- 3) Direktiv 2006/12/EF opphevar direktiv 75/442/EØF<sup>(3)</sup>, som var teke inn i avtala og difor må opphevast i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg XX i avtala skal nr. 27 (rådsdirektiv 75/442/EØF) lyde:

”**32006 L 0012**: Europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/12/EF av 5. april 2006 om avfall (EUT L 114 av 27.4.2006, s. 9).”

*Artikkel 2*

Teksta til direktiv 2006/12/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

---

<sup>(1)</sup> TEU L 333 av 30.11.2006, s. 55, og EØS-tillegget til TEU nr. 60 av 30.11.2006, s. 41.

<sup>(2)</sup> TEU L 114 av 27.4.2006, s. 9.

<sup>(3)</sup> TEF L 194 av 25.7.1975, s. 39.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 28. april 2007, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala<sup>(\*)</sup>.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfërda i Brussel, 27. april 2007.

For EØS-komiteen

*A. Seatter*

Formann

---

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.